



Jonathan framfører solonummer på Sommarstryk i Bergen.

I løpet av sommaren er det mange som får flotte sommaropplevingar gjennom hobbyane sine. Sist veke fekk den 10 år gamle fiolinisten Jonathan Taranger flotte musikkopplevelsar og mange nye venner då han deltok på samlinga Sommarstryk i Bergen.

Sommarstryk vart arrangert for første gang i 2002. Etter det har det vore ei årleg sommarsamling for unge musikarar på strykeinstrument; --fiolin, bratsj, cello og kontrabass. Sist veke var 65 unge strykarar frå heile landet samla på Steinerskulen i Bergen. Dei fleste musikarane kom frå Bergensområdet, og Jonathan var einaste kvinnhering. Deltakarane var i aldersgruppa 5 - 14 år.

Sommarstryk vert finansiert ved hjelp av deltakaravgift og velvillige sponsorar. Instruktørane er profesjonelle, og i hovudsak henta frå Bergen Filharmoniske orkester. Samlinga er blitt svært populær, og ein må vera tidleg ute med påmeldinga for å få plass.

Deltakarane hadde travle dagar. Det var musisering frå kl.8 om morgonen til 5 om ettermiddagen kvar dag. Dagane vart avslutta med solokonsert, og i løpet av veka framførte alle deltakarane eit solonummer. Avslutningskonserten fredag heldt i følge våre rapportar imponerende høgt nivå. I tillegg til musikk framførte og deltakarane dansenummer som dei hadde øvd inn i løpet av veka. Konserten var i Fana Kulturhus.

Jonathan opplevde veka på Sommarstryk som veldig inspirerende og lærerik. Han har allereie bestemt seg for at dette vil han vera med på neste år og.

Å reisa ut slik og møte andre som driv med same hobby er nok svært viktig uansett kva hobby ein har. Det er nok både lurt og nødvendig å gjere som Jonathan; - kome seg ut og hente lærdom og inspirasjon. Vi ser fram til å følgje Jonathan og fiolinspelet framover!

Foto: Tor Edward Taranger

Tekst: Thor Inge Døssland.



Deltakarar på Sommarstryk i Bergen.